

Soge om Austre Nape

Av Astrid S. Ormtveit

Fyresdal sogelag er spurt om å få til ei soge om Austre Nape til denne Olsokdagen. Ein del av historia til eigedommen, og om folket som har budd her, er nedteikna av Astrid Ormtveit, ut frå soge- og slektsbøker, samtaler med tidlegare eigar Paul Reine, og forteljingar etter Hans Andor Lauvdal. Hans Andor var oppsynsmann for Paul Reine på Austre Nape i fleire år.

Paul gjekk bort i 2009, etter mange aktive arbeidsår. Austre Nape kom på sal, og i 2010 blei Johan Benad Ugland frå Grimstad, ny eigar av eigedommen. Og nye ting vil sikkert kome til å skje i tida framover.

Når du køyrer vegen til Austre Nape, finst det mange gamle namn på særmerkte stader langs med vegen. Ein stor stein eit stykke oppe i bakkane ovanfor Lie, er kalla for "Kyrkjesteinen". Her var det folket frå Nape i gammal tid bytte sko og klede når dei var på kyrkjeveg. Lenger innover ligg "Sylvtjønn" og blenkjer, og speglar liksom sølvskatten som ligg på botnen. Her var det han som hadde stole eit sølvskrin på Nape, kasta det i tjønna då lensmannen var etter han. Ingen har enno funne att skatten, så om du har ei dykkardrakt, er det kanskje verd å prøve seg.

Etter å ha fare framom "Trolltjønn", og nede frå "Stavskleiv", kjem ein til Austre Nape, der husa ligg gammalmodig til i bakkane under "Kroffjell". På ein fin dag blenkjer og blikrar det i Napetjønn, og lenger ut skimtar ein det store Napevatnet.

Austre Nape-gardane blir ofte nemnt som "*Huldregardane aust i heia*". Og det kan ein nok med rette seie, med tanke på alle dei gamle historier som er kjent herifrå, om unaturlege hendingar.

Når ein skal fortelje om Austre Nape, kan ein fyrst spørje seg: - Kor kom dei ifrå, dei fyrste som slo seg ned her?

Med hjelp frå historiebøker, må vi tru at folket i den vestlege og øvre del av fylket vårt, har kome frå vest. Frå eit folk som fyrst hadde slått seg ned ved Boknfjorden i Ryfylke. Dei blei kalla ryger. Rygene breidde seg austover inntil dei møtte "vikvarjene" som trengte seg fram frå aust. Dette var eit anna folkeslag enn rygene, og her blei det strid og kamp. Ein kan enno ane grensene mellom ryger og "vikvarjer" med å lytte til talemålet vårt her i vestfylket, samanlikna med målet i nedre del av Telemark.

I eit sitat frå P.A. Munch sine skrifter står: "Befolkningen i denne vestenfjeldske del av øvre Telemarkens befolkning skal være de yderst mot øst fremskutte hoper av den store rugiske æt".

Dei kom fyrst vest frå - som veidemenn og fangstfolk lenge før vår tidsrekning. Og som tusen- og århundra gjekk, slo dei seg etter kvart ned og blei bufaste.

Desse vandrane veidemenn som drog attende til kysten i dei kaldare periodar av året, lærde seinare å byggje betre hus og å dyrke jord, og fekk seg husdyr som også gav god føde. På ein lagleg stad – slo dei seg ned gjerne ved eit vatn, som her på Nape - ein

gong i tida. Nape er ein av dei gardane som skal vere frå vikingtida eller endå lenger tilbake.

Livet på fjellgarden trur mange at var langsamt og trist. Men det ser ut som at dei som budde der i gamle dagar ikkje såg det slik. Dei hadde sitt arbeid som måtte gjerast til kvar ei tid, og kvar årstid hadde sine særskilde krav. Det var eit skiftande liv; vår, sommar, haust og vinter. Alt måtte dei passe på etter gammal erfaring og skikk. I gamle dagar synes folk dei hadde det best oppe på heigarden, og såg ned på dei som budde i dalen. På gardane nede i dalen var det ikkje slike beite for dyra som oppe i heia, og lenger var det til stølane og fjellslåttene. Dette hadde mykje å seie både om sommaren, og når høyet skulle heim om vinteren. Veiding og fangst hadde au stor verdi for gardane. Fangstretten til ein gard blei sett sær s høgt når barna skulle dele arven. Folket livde som regel godt. Dei selde av overskotet frå eigedommen heim til bygda, der varene også blei frakta vidare til byane. Det var fisk og vilt, skinn, huder og anna handelsvare, som til dømes ymse handverk. Dermed kunne dei samle seg mange riksdalar på kistebotnen. Men dei var gjestfrie og gilde folk. Ingen skulle reise ein lang veg heim att utan å ha fått mat og drikke. I stoga brann det på åren og gav lys og varme i huset. Det var noko spesielt å kome inn på ein slik gard og høyre stev, segner og gamle ættesoger.

Arbeidslivet både ute og inne og til alle årstider var som eit stykke gammal kulturhistorie. Men stundom gav det også harde livsvilkår. Det er fortalt at i badstova låg det islandsrose og fin lindebark til turk. Dette var frå tider då dei mol det til borkebraud. Og i uår eller "fimbulvintrar", kunne sjølve livet stå på spel.

I 1850-åra kom handelsbutikkane nede i bygda, og folk fekk kjøpe mykje av det dei elles måtte lage sjølve. Dei tok til med å flytte frå heigardane og heim til bygda. Det var smått med vegar, og der kom fleire og fleire vanskar for dei einslege heigardane.

Austre Nape ligg ved **Napetjønn**, 515 m.o.h., og elva her borte renn ned i **Napevatn**. Vestre Nape er ein annan eigedom som ligg ved Napevatn, ei halv mils stig mot sør over Sveigen. Tidlegare namn på gardane var Napi eller Nabbe. Det finst nokre gamle brev om Napegardane, både frå Austre og Vestre, men å plassere breva på rett gard er ikkje så lett. Men det fyrste brevet som er å finne, er frå 1450 og tyder på at det er denne garden som er omtalt. Der er nemnt ein Torjus og Olav, som truleg var far og son. Sjølv om den fyrste skriftelege omtala er frå 1450, må ein gå ut frå at det har vore busetnad her lenge før den tid. Det vitnar det gamle eldhuset på Midtgarden om, som er datert av ekspertar attende til før svartedauden, som fór over landet kring 1350. Difor er dette vesle huset freda, og det eldste som står att i bygda. Huset er kalla for "Svartedaudhuset".

Mange underlege soger er fortalt frå Austre Nape, men det var slikt som hadde hendt for lenge, lenge sidan, så alt på 1800-talet såg ikkje folk stort til dette med hulder og tussar meir. Knut Trondson var ein kjent spelemann og diktar som var født om lag 1770. Han budde på Lie, der den såkalla Napevegen no til dags tek til. Forfattaren John Lie frå Veum, skulle tale med Trondsonen ein gong, og spurte om han hadde opplevd noko av dette dei såg før i tida, slikt som hulder og tussefolk. "Jau, det hev eg nok, sa Trondsonen, - men eg vil ikkje tale om slikt i dag, for no trur folk at det berre er tull og dikting, så ein blir helst halden for narr om ein seie noko."

Men ei lita soge om huldra, kjent frå Nape, kan vi likevel ta med; Det var ein gut nede frå dalen som ein kveld kom til Austre Nape for å besøke ei jente. Lat oss kalle dei for Jon og

Turid. Då han kom fram til Nape, fekk han høyre at Turid var på støylen. Guten tok i veg dit, og skunda på. Då han hadde ein bakke føre seg, såg han ei jente som synes kome i møte med han. Ho likna på Turid, og han ropa namnet hennar. Men då gøymde dette vesenet seg inn i eit lauvholt, og han såg berre rova etter henne. Guten blei så redd at han tok til sprangs heimover så fort han kunne. Om han våga seg hitover fleire gonger, seier sogane ingenting om.

Alt frå 1600 var det tri bruk på Austre Nape. Det var som no, Vestigard, Midtgarden og Austigard. På 1700-talet var det eit bruk til, som blei kalla Klavsmed. Det har fått namn etter ein manne på Nape som dei kalla "Halvor Klavsmed". Han heitte Halvor Auvorson og kom frå bygda ein stad. I 1771 gifta han seg med Hæge Talleivsdotter. Ho var so knipa med maten, er det fortalt. Ein dage ha ho stelt til ein sauefote til middag for han. Det totte han blei helst liti og ba om meir. So hivde ho då til han ein sauefote til:

- **Her hev du den are smalfoten, et so til du sprekke**, sa ho. Etti språket ho tala måtte ho vere åmati bygdene ein stad. Det er ei herme etti mannen au:

- **Den lille julaften glemmer jeg aldri**, sa Klavsmeden, han rymde frå Sverige. Denne herma tyder på at Halvor Auvorson hev vore utkommandert til militærtenest, hev vore teken til fange av svenskane og so rymt heimatt. Hæge og Halvor hadde to søner, i 1801 hadde familien truleg flytt frå bygdi.

I gammal tid budde det 36 menneske på Austre Nape. Eigarane har skifta mykje, og eigedommen har blitt delt opp ved nye eigarar og handel. Noko langt slektsledd er det ikkje å finne. Det har også vært eigarar frå nabobygder, som har eigd delar av eigedommen. I 1694 blei det halde skifte etter enka Signe Herjusdotter. Eiget var heile Austre Nape, med skyldgods i Nesland og Lofthus. Utanom hadde dei 442 riksdalar frå lausøyre. Etter matrikelopplysningar måtte det ha vært godt stell på garden, med 12 storfe, 57 sau og geit, og 1 hest. Det hørde òg fleire støyler til eigedommen med hus, men dei er ikkje nemnde med namn. Men ved eit anna skifte i 1791 er nemnt: To skorsteinsstoger med to fag vindauge i kvar. Skiftet fortel vidare om eit jarloft med underbur, eit stolpebur, ein låve med løy og kornrom, eit fehus med sauestille under eit tak og ein hestestall. Støylane som hørde til var Napestøyl, Grytestøyl, Røynebø og Stav. Dette er forstått som var frå Vestigard. I ei eldre soge frå denne tid er òg nemnt støylen Løe ved Sandvatn.

På 1700-talet budde der au ei Gunhild på Austre Nape. – Gonil, som dei sa, skulle vere så fæl til å trolle. – Ho fór med trolleposar og anna søvori.

Med ho var på støylen ein sommar blei ho matlaus. Då reiste ho frå støylen Løe, oppe ved Sandvatn, tidleg om morgonen. Det kunne vere ein times gange heim til Nape. So skar ho, treskte, turka, mol og baka, og kom attende til støylen med braud om kvelden. Då måtte jo alle skjønne at Gonil fór med trolleskap.

I 1789 kjøpte Kjetil Kjetilson garden for 700 rd. Han var gift med Gunlaug Augundsdotter Fjalestad, og dei kom frå Nissedal. Dei budde i Austigard, og må ha vore drivande folk med stor buskap. Etter ein tinglesen disposisjon frå 1825 skulle garden delast på sønene Kjetil og Gjermund, når faren Kjetil var død. I 1833 blei halde ei utbytingsforretning. Eigedommen blei delt på Gjermund og Kjetil Kjetilssøner, og vi får etter det to bruk.

Sonen til Kjetil d.y., Augund, gift med Gjertrud frå Nordre Snarteland, arva den halve garden etter faren. I 1869 fekk Augund kjøpe den andre parten av onkelen sin, Gjermund

Kjetilson Nape, og eigedommen blei samla att på ein eigar. Gjermund og familie flytte til Solum ved Skien. I 1887 flytte også Augund saman med kone og dotter til Borge i Gjerpen. Her kom då inn bruksfolk, men kring 1900 selde enka og dottera etter Augund Kjetilson, heile Austre Nape til Pål G. Reine frå Fjalestadgrend i Nissedal, utan at familien flytte hit.

Dei som bruka her lengst var Olav Olavson Bergland og kona Kari Bendiksdotter Vistadbakken. Dei var på Nape før 1900 og til 1926. Det er fortalt at i 1922 mista dei 12 sauer som bjørnen tok. Denne bjørnen blei seinare skoten i Vrådalen av Jon Århus. Seks av sønene til Olav og Kari fór til Amerika, og har stor slekt etter seg der borte. Men to av dei kom att, og slo seg til i bygda. I 1920-30-åra bruka ein kar frå Valle i Setesdal på Austigard i 10 år. Han heitte Svein Berg og hadde to born med seg. Borna budde borte det meste av året, då dei gjekk på skule i Momraksgrind. Eit års tid etter krigen budde og bruka familien Reno Andersen på Midtgarden. Det var dei siste bruksfolka på Austre Nape.

Så let vi Hans Andor Lauvdal fortelje litt: "I det Herrens år 1926 – ein dag med klar septembersol steig der i land frå rutebåten "Fyresdal" ein kar som flesteparten av dei som hadde møtt ned til båten ikkje kjende. Det var ein stabbe til kar og på ryggen hadde han ein striesekk som han hadde knytt reimar av taug på. Mikkel P. Reine var namnet på karen, og han skulle til Austre Nape og hogge tømmer for far sin. Ingen kunne denne dagen vite at Mikkel skulle bli på Austre Nape i over 40 år. På folkemunne fekk han namnet Mikkel Nape, og han budde heile tida i Vestigard".

Her på Austre Nape blei han einebuar utan bilveg i 36 år. Men han hadde telefon, så sant linja var i orden. Varene han trong bestilte han på Handelslaget i bygda, og fekk hestekarar til å køyre attover med varene. Betjeninga på butikken var ofte litt i beit med bestillingane til Mikkel. For det skulle liksom vere 10 av alle slag, om det var margarin, sukker eller kosterkaft.

Mikkel lei neppe noko naud med mat. Det gjekk som oftast ei tømmerselepe over heia, slik at hest og kar tok seg fram også vinterstid.

Men Mikkel var ingen skogsarbeidar. Då faren gjekk bort, arva han Vestigard, og Mikkel blei skogeigar med stor S. Eine søstera, Hæge, arva Midtgarden og Austigard, og Andrea fekk Kystrånd. Mikkel var svært opptatt av tilhøva for bønder og skogeigarar. Han meinte at det stadig gjekk nedover med dei, og at dei gjorde alt for lite sjølve for å betre på tilhøva. Ei herme etter Mikkel: - "No kan dei ikkje stort anna enn å synge fedrelandssongen og å danse vals". Ein kar som ein gong kom i tale med Mikkel om dette, sa at vi skogeigarar må halde saman. Til det svara Mikkel: "Ikkje betre enn eg minnest hev du køyrt tømmer for meg – farr".

På enkelte vis var Mikkel forut for si tid. Då han kom til Nape var fisken i tjørna småfallen og mager. For å betre på dette tok han til med å fiske med garn nr. 28, og i tillegg fora han. Og resultatet kom. Men folk lo fælt, då han meinte at alle barn skulle få gå i barnehagar. - No er det ei god tid sidan det var full barnehagedekning i Fyresdal. Det var godt med slåttemark på garden, og Mikkel fekk seg sauer, og seinare hadde han geiter og kaninar. Det blei litt av ein kaninfarm etter kvart. Dei fann seg hus i røysar og holer, men om vinteren måtte han legge ut fór. Under krigen var det mange som sette pris på ei kaninsteik, men den var nok ikkje alltid fanga på lovleg vis. Ein skulle tru at garden

var eit spisskammer for alle rov dyr. Men det er fortalt at slik var det ikkje, for Mikkel gjekk i skogkanten og sprøyta med lysol. Denne lukta var reven redd for, og våga seg ikkje over den usynlege streken.

Ovanfor Vestigard er eit bratt fjell som heiter Ingeleivsskor. Her klatra geitene på dei mest uframkomelege stader, men når tida var inne for mjølking, gjekk Mikkel ut i tunet og ropte på "Vesle Dusken". Og geitene kom ned med ein gong. Om sommaren var det ofte folk innom på Vestigard. Då stod han alltid i døra og tok imot, og spurte korleis turen over heia hadde vært. Niste hadde dei fleste med seg, og Mikkel spanderte svart kaffi med krystalosetter, og gjerne eit krus med geitemjøl. Med gamle aviser til bordduk kunne måltidet bli litt særmerkt.

Det var nok ikkje berre greitt med klesvasken i den tid, brysamnt kunne det vere, både å skaffe kaldt og varmt vatn. Mikkel fann på eit eksperiment der naturen sjølv skulle ordne opp. Han knytte skittentøyet saman og hengte det fast borte i fossen. Her skulle det bli riktig reinsa og skylt, var tanken, men straumen var sterk, og reiste med heile vasken ned i Napevatn, der alle kleda blei borte. Difor kan ein forstå at det var svært praktisk med gamle aviser til bordduk.

Ei anna soge om Mikkel er då han ville spandere risengrynsgraut på nokre skogsarbeidarar. Matstellet deira var nok heller ikkje flust, så dei sat der og gledde seg fælt til grauten, som han koka på Vikingmjøl. Boksar med Vikingmjøl var mykje brukt i tidlegare år, og hadde ein litt fløteliknande smak. Men gleda tok brått slutt, då Mikkel tømte ein boks med torskerogn opp i grauten.

- Ja, ja, - kvær si lyst, sa vintapparen au. Han dansa med dei andre drakk.

Mikkel opplevde mange unaturlege ting på Nape, men ingen har høyrte at han såg noko til tussane. Men i riktig gamle dagar var trua på tussane sterk og levande her i bygda. Og mange såg tussar, tussebuskap og tussegardar. Frå 1800-talet høyrde ein lite om at nokon såg slikt, men at tussefolket fanst i riktig gamle dagar, det var det ingen tvil om. Og mange kjem med spørsmål om korleis det kunne ha seg med dette dei såg i gammal tid. Var det innbilling og overtru eller kva var det? Og mang ei soge er såleis knytt til folk og gardar i Fyresdal. Tussane skulle vere greie å ha med å gjere om ein hadde respekt for dei, og dei var rekna som helst velståande. Gjorde ein derimot tussane til meins, kunne det kome ulykker på både folk og fe. I boka "Fraa gamalt", fortel John Lie tussesoger etter bestemor si. Språket er litt blanda her, slik at alle kan forstå denne gamle dialekten. Tussane blei au kalla for Huddar eller Haugfolk. Ei kone på Nape fortel: "Det er ikkje sjeldan at dei syner seg. Og det er godt for eignedomen at dei helle seg der. Dei kan nok vere leie somtir til å løyne bort adskilligt, men dei kjem allsøtt atte med det. – Leit alli ette det bonn! Det kjem nok atte."

Det er mange som både har sett og tala med huddane på Nape. Lenge sidan var det ei Huddejente som kom til og frå mest ein heil vinter. Ho passa bonna for kjerringa og sjona med ho i fjaset, og ho var så flink til å få bonna i svevn om kvelden. Men var jenta alt for lenge borte fekk ho hogg. Kjerringa høyrde koss sårt ho gret. Ein gong kom ho, stille bee so inderleg frå far sin, om dei ville flytte stallen. "Kvar gong hesten staller, sa ho, - so renne det ned på bori kons." Du kan vite dei var ikkje traue til det – det ha vøri ein spegile - ha det vøri. Dei flytte stallen både fort og vel; for dei visste at tussane var ikkje redde gjere dei att ei greie. Og so var dei vel rædde for å egge dei på seg au, for det var ikkje

berre moro, det finst mange eksempel på det frå mange gardar. Men dei sogene let vi vere her.

Elles var det ofte at folk på Nape opplevde det vi i dag kallar for spøkeri. Ein gong blei ein av desse skræmelege opplevingane oppklart. Frå ein plass ute ved Napevatn, som heitte Sandvika, hadde det kome eit lik som førebels var sett inn i skjolet på Vestigard. Dei sat fleire saman inne i stoga om kvelden, då dei høyrde skraping og harde dunk frå skjolet. Alle var visse på at det var daudingen som laga spetakkel. Lenge sat dei livredde og lydde. Men til sist måtte ein kar våge seg ut å sjå. Då stod det ei ku og skrapa med horna på døra til skjolet. Men noko dei aldri fann ut av, var at dei ved midnatt kunne sjå ein flokk med hestar springe ikring på Hartokbakkane nede ved Napetjønn.

Mikkel au var ute for merkelege hendingar. Men han heldt fast på barnetrua i alle år. Og trua på Gud var urokkeleg. Han har fortalt om noko han hadde vært i gjennom, der han hadde fått direkte hjelp frå Vår Herre. Og vi let Mikkel sjølv fortelje: - "Det var ein sein haustkveld – eg hadde nettopp ete då eg plutselig fekk vondt i magen. Smertene var store og eg ville prøve å kome meg ut på do. Eg kravla meg ut, men det var ikkje langt eg kom før smertene blei verre og verre, så eg blei liggjande ute i tunet og vri meg. Eg trudde det var slutten, og i mi naud bad eg Jesus om hjelp – og hjelp fekk eg. Plutselig kom det ein person som tok meg i armen og hjalp meg opp. Smertene gav seg, og eg blei hjulpet inn og opp i senga. Eg hadde ikkje vondt meir, og takka Gud for hjelpa. Men denne personen blei borte like snøgt som han kom".

Utan Mikkel ville sogene frå Austre Nape blitt færre. Og Mikkel var au litt av ein kunstnar. I unge år gjekk han på Kunst- og handverksskolen i Kristiania. At det berre blei eitt år her, kan vel skuldast vanskelege tider. Men måle kunne han, og det finst fleire fine måleri etter Mikkel.

Når det blir tale om kunst, er det verd å ta med ei soge frå naboeigedommen Vestre Nape, som er litt spesiell. Ein Tore Torgeirson Nape, fødd i 1650, var ein framifrå rosemålar.

Konservator Gisle Midtun, har skrivne dette om Tore:

"Den ældste rosemaler vi kjender til, er Thore Nappe fra Fyresdal i Telemarken. Flere av hans boller er signerte, og skriver seg fra årene 1712 – 16. Foruden ranker og annen ornamentik malte han også aktuelle billeder. Det var i den store Nordiske krigs tid, og i enkelte boller finnes i bunnen et bilde av Fredrik IV til hest, og langs randen innvendig og utvendig følgende indskrifter: - "O! Nådige Gud la Kongen leve. Lad Engle din om Fredrik sveve. Giv hannem lykke Seier og Mod. Gud unde os Freden til Lands og til Vands, med plaug og harv gaae vi da glad i Dantz. Gud glede de Fjeldmender gode, de dricker med Fryd, er vel til Mode".(Signert 1715.)

I det hele brukte Tore Nappe latinske indskrifter. Sandsynlig har han tat sine motiver og ideer fra et eller andet trykt Skrift."

Etter slektsbøkene å døme, var det få som sat som enkemann eller enke i lengre tid. Og det var visst ingen som nølte med å kome til Nape. I slektsbøkene finn ein rett som det er både andre og tredje giftarmålet. Rosemålaren Tore hadde berre to døtrer. Eldste dottera Gro, som arva garden, var 71 år gammal då ho gifte seg tredje gong, med ein Gunleik, på 32 år, altså var brudgommen nesten 40 år yngre. Det er fortalt at dei vigde i heimen, "efter kongelig tiladelse". Men Gro overlevde Gunleik au ho, og nådde fram mot 100 år. Ho blei gravlagt ved Moland kyrkje 1773. Om henne har presten gjort denne

merknaden i lista over gravfeste: "Denne quinde, under en smuk vandring i verden, og en merkelig helbred blev gammel 97 år."

I harde vintrar var det ikkje skogsdrift på Austre Nape, og Mikkel blei ofte verande åleine veke etter veke. Og filosof var han. Han var svært opptatt av svolt og all liding som krigar førte til. Det er eit skrift etter han, som han kalla for: "Om Moselovi som statsstyre". Her får han fram meiningar om både religion og politikk. Dei fleste vil nok synes at det meste er utopiske tankar. Han meinte at Moselovi var litt for streng, fordi vi alle er syndarar, men styremåten i Moselovi burde vi strebe mot. Han meinte det var ingen tilfeldighet at Gud la Jødeland på jordis navle. Alle kristne nasjonar burde samlast til eit rike, og for å forstå kvarandre betre, skulle alle lære det hebraiske språket. - Og med Jerusalem som hovudstad, seier han, - er det ikkje usannsynleg at det då i dei finare strøk av byen, ville vere gater av gull. Han avsluttar skriftet slik: "Blir ikkje denne styremåten innført blant dei kristne nasjonane, ottast eg for at krigar vil kome til å vedvare inntil jordi er øydelagt". Skriftet er på fleire sider og er underteikna: "Vennleg helsing M. P. Reine, Austre Nape, Fyresdal, Telemark".

Men dagane gjekk på Austre Nape lik andre stader. Den eine dagen fylgde den andre og blei til år. Så kom dagen då Mikkel ikkje lenger kunne bu åleine så langt frå folk. Den 14. januar 1971 kom han til Aldersheimen nede i bygda. Her budde han til han døydde den 24. april 1975, 81 år gammal.

Så kjem vi til nyare tider. I fyrstninga av 1960-åra vart Paul Reine eigar av heile Austre Nape. Han arva Vestigard frå onkelen sin, Mikkel P. Reine, og resten av eigedommen frå tantene Hæge og Andrea. Seinare blei eigedommen overført til dottera Sif-Jorunn. Men i 1988 fekk dei oppleve ein stor tragedie i familien, då Sif-Jorunn omkom ved ei bilulukke, berre 24 år gammal. Eigedommen blei då tilbakeført til foreldra. I dag er Paul også borte, og enka Astri og familie, er framleis busett på slektsgarden Gisletveit i Vegårdshei. Paul Reine var utdanna skogbrukskandidat frå Ås. Han har hatt eit aktivt yrkesliv både som heradsskogmeister, fylkesskogmeister, fylkesskogsjef, ordførar i Vegårdshei kommune, og avslutta sitt yrkesaktive liv som landbruksdirektør i Aust-Agder. Og med dei mange styreverv han har hatt ved sida av, og medlem i fleire departementale utval, kan ein forstå at det har vært eit svært aktiv liv. Han, og særleg kona Astri, var veldig aktive leiarar i 4-H-arbeidet.

Ved sida av dette må det ha kravd mykje tid til administrasjon, vedlikehald og restaurering av husa her på Nape. Med inntekter frå skogsdrifta greidde han all restaureringa utan noko støtte frå riksantikvar eller anna instans. For dette store kulturarbeidet fekk Paul Reine i 1998, Kongens fortjenestemedalje i gull. Han fortalde at der var 18 tak med smått og stort å halde ved like, og i tillegg nokre gamle stølar rundt om i liene. Kvar av desse tri bruka på eigedommen, har både fire og fem bygningar på tunet. Og 1 mils bilveg som sto klar i 1962 kosta nok også ein del kroner. Paul Reine var like gjestfri som onkelen sin, Mikkel Reine, Sogeskriveren har sjølv opplevd kor vel han kunne ta imot folk som kom innom grenda. Eg hugsar ein sommar i 2003, at han viste oss rundt i alle innehusa på dei tri bruka her. Alle desse bygningane har same innreiing, med stoge og kjøkken nede, og to rom i andre etasje. På Vestigard var rosemålinga på taklistene nøyte tatt vare på, i tillegg til anna restaurering og vedlikehald. Overalt skein det nymåla i vegger og tak, både i fyrste og andre etasje. Bortsett frå at på Vestigard var ein gammal tømmervegg i andre etasje, som er tatt vare på med mange innrissa initialar og årstal. Det store stabburet på Vestigard har også eit fint utskore gitter i andre etasje.

Medan vi gjekk opp stien til Vestigard, fortalde Paul at dette blei kalla for "tussevegen" fordi det var her alle tuftkallane smatt og smaug gardimellom.

Vidare seier han at Vestigard og Midtgarden blei brukt til hus for skogsarbeidarar, på Midtgarden budde også oppsynsmannen sommartid, og på Austigard var husrom for jegerar. Han tykte ikkje at husa i dag, passa til turisme. På tuftene etter eigedommen Klavsmed som er omtalt, bygde Astri og Paul ei nyare hytte som har fått namnet "Klavsmed."

Låven på Midtgarden skulle vere den fyrste i bygda som fekk bordkledning. I den tid hadde dei sagbruk borte i elva. No er låven gjort om til ein "festsal". Ein ting som Paul sette pris på, var at alle dei gamle steinmurane omkring her, har blitt tatt vare på, og som i dag kan vere eit storarta kulturminne.

Og her på Midtgarden har Paul tatt imot store, festlege samlingar før. Ved slike høve var det Paul Reine sjølv, som fortalde historie frå eigedommen med både skjemt og alvor. No er ikkje Paul mellom oss lenger. I dag får vi stort sett greie oss med det som er å finne i sogebøker.

- Og til sist vil Sogelaget ynskje den nye eigaren lykke til med alle framtidige gjeremål på Austre Nape.

Opplysningane er henta frå:

Steinar Marvik;	Fyresdal gards- og ættesoge, bind II, Fyresdal kommune 1992
Bendik Veum;	Fyresdal I, ættebok, Fyresdal kommune 1943.
Hans Andor Lauvdal;	Skriftlege forteljingar frå Austre Nape.
Paul Reine;	Munnlege forteljingar som tidlegare eigar av Austre Nape.

Fyresdal - bygda vår

Av Johan Straume

*Dei kom til dalen i farne tider
Så langt attende som nokon veit
Dei braut opp moar og rudde lier
Dei dyrka jorda og hardt dei sleit
Men kvar dei kom frå me berre gjet
Me kjem til kort med vårt vesle vet.*

*Me grev og leitar i gamle tufter
Og gjer til tider eit viktig funn
Me sporar stigar i skar og kluffer
Og finn ein gravhaug på heilag grunn
Men kva den hauglagde het og var
Me spør så gjerne, men vantar svar.*

*Me veit dei dyrka opp gjeve gardar
Og veidde viltet i skog og li
Dei tende elden på høge varar
Og greip til våpen når det var strid
Men kvar dei streid og kva striden galt
Er like uvisst som kven som falt.*

*Det står ein skeistein på Molandsmoen
Her terga dølane hest mot hest
Då Skornut svartna mot afternoen
var kampen avgjort om kven var best
Men kven som møtte til slike skeid
er like uvisst som kven som rei.*

*Kan hende han som hev rista runer
På denne steinen som her står att
Men fornetida har mange luner
Og løyner svaret i saganatt
Det var vel Torolv som ein gong vann
Og riste runer, men kven var han?*

Den fyrste fyresdøl me kan prova
Har slått seg ned og fått gard og slekt
Er bonden Torer i Svalastova
- han svartedauden har ikkje knekt
Men far til Torer – kven var nå det
Og dei før han? – Det veit ikkje me.

Men noko veit me – dei få vart mange
og gardetalet har auka trutt
Dei dyrka teigane art snart lange
Og nye slekter har rudt og rudt
Og du og eg kom til dekkja bord
Og ervde jord der det veks og gror.

Astrid synes det ville høve godt å lese opp dette diktet etter Johan Straume.